

Saksnr: 2019/105-1
Saksbehandlar: Eirik Knive

Saksframlegg

Saksgang

Utvat	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		02.12.2019

Tilskot til Friluftslivets ferdsselsårer - reviderte retningsliner 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ynskjer å stimulere kommunane til å utarbeide ein heilskapleg plan for friluftslivets ferdsselsårer, i samsvar med rettleiar M-1292 frå Miljødirektoratet.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningsliner for ordninga friluftslivets ferdsselsårer i Vestland.

Samandrag

I regjeringa sin handlingsplan for friluftsliv (2018) vert det lagt til rette for eit nasjonalt prosjekt 2019-2023 for å identifisere, ivareta, utvikle og tilrettelegge friluftslivets ferdsselsårer gjennom ein eigen plan i kvar kommune. Prosjektet skal auke kunnskapsgrunnlaget om dei ferdsselsårene kommunane har, kva behov dei dekker og korleis dei kan utviklast for å skape meir aktivitet. Det er utvikla ein rettleiar frå Miljødirektoratet, *plan for friluftslivets ferdsselsårer* (M-1292), for å få ein systematisk og metodisk tilnærming til arbeidet. Tilskotsordninga vart etablert i Hordaland i 2019. Påtroppande fylkesdirektør si vurdering er at tilskotsordninga har vore vellukka og vil tilrå at tilskotsordninga vert vidareført i Vestland.

Per Morten Ekerhovd
påtroppande fylkesdirektør
for kultur, idrett og inkludering

Britt Karen Spjeld
påtroppande leiar for seksjon
idrett og friluftsliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.

Vedlegg
1 Retningsliner friluftslivets ferdsselsårer

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tilskotsordninga friluftslivets ferdsselsårer vart etablert i Hordaland i 2019 i samband med oppstart av det nasjonale prosjektet friluftslivets ferdsselsårer 2019-2023 (forankra i regjeringa sin handlingsplan for friluftsliv, 2018). Kommunane kan søke om tilskot til arbeidet, og planen skal utarbeidast i dialog med lag og organisasjonar. Det er ikkje tilsvarende tilskotsordning i Sogn og Fjordane.

Målet med friluftslivets ferdsselsårer er å få fleire til å utøve friluftsliv jamlegare ved å auke tilgjengelegheta for å utøve friluftsliv heile året på land og på vatn. Prosjektet er ei vidareføring av arbeidet kommunane har gjort med kartlegging og verdisetting av friluftsområde (som vert fullført i dei fleste kommunane i Vestland i 2019) og det nasjonale turskiltprosjektet (2014-2018) knytt til merking og gradering av turløyper.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Av omsyn til det ansvaret fylkeskommunen og kommunane har på friluftslivsfeltet, er det viktig at Vestland fylkeskommune deltek i dette statlege prosjektet med å utvikle friluftslivets ferdsselsårer i perioden 2019-2023. I 2020 skal det arbeidast for at kommunane i Sogn Fjordane som ikkje har sluttført arbeidet med kartlegging og verdisetting av friluftsområder skal gjere dette, som grunnlag for å starte opp arbeidet med plan for friluftslivets ferdsselsårer.

Økonomi: Storleiken på tilskot for 2020 vert handsama av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming. Midlane vert nytta som eigendel for å søke midlar frå Miljødirektoratet til prosjektet.

Klima: Prosjektet vil føre til eit planstyrт arbeid med tilrettelegging av friluftslivets ferdsselsårer slik at dei rette tiltaka vert gjort på dei rette stadane til rett tid.

Folkehelse: Tiltaket er med å bidra til folkehelsearbeidet med eit langsigttig og systematisk arbeid for fleire gode leveår, og utjamnar sosiale helseforskjellar.

Regional planstrategi: Tiltaka er med på gjennomføring av punkt 2.2 i regional planstrategi: eit inkluderande samfunn Hordaland. Aktivitetar i nærmiljøet bidreg til å styrke sosiale relasjoner gjennom verdifulle og helsefremjande opplevelingar.

Konklusjon

Påtroppande fylkesdirektør vil tilrå at tilskotsordninga for friluftslivets ferdsselsårer, vert vidareført i Vestland, med mindre justeringar av retningsliner.